



# KYSTVERKET

Hovudkontoret

Klima- og miljødepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref.:  
16/1760-

Vår ref.:  
2016/5994-5

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:  
Trude Blankholm Strømme

Dato:  
10.01.2017

## Forbod mot fyring med mineralolje - Høyring

Vi viser til dykkar brev av 12. oktober 2016 som gjeld høyring av forslag til forskrift om forbod mot fyring med mineralolje (fossil olje) til oppvarming av bygningar.

Kystverket arbeider aktivt for å redusere forbruket vårt av fossilt brennstoff. Framleis er det likevel nokon tilfelle der Kystverket ikkje har funne noko alternativ. Dette gjeld òg oppvarming av bygningar. Vi ber Klima- og miljødepartementet vurdere om det kan verte gitt unntak eller dispensasjon frå forbodet mot fyring med mineralolje i nokon av desse tilfella som vil bli omtalt i det følgjande.

### 1. Fyrbygningane

Kystverket leiger i dei fleste tilfella bygningane som administrasjonane våre brukar, medan i hovudsak alle fyra er eigd av Kystverket.

Fossilt brennstoff vert ikkje primært brukt til oppvarming ved fyra, men til å sørge for at navigasjonslyset fungerer. Sjølv om oppvarming av fyrbygningane ikkje er den primære grunnen til at det vert fyr med mineralolje ved fyra, så er dette ein viktig bi-effekt med omsyn til at fyrbygningane ikkje skal forfalle. Målet er at oppvarming av fyrbygningane skal skje på annan måte, men det har ikkje latt seg gjere i alle tilfelle enno. Kystverket arbeider kontinuerleg med å bygge om fyra til hybridanlegg, solcelledrift, bruk av vindkraft med meir. Hybridanlegg brukar kun fossilt brennstoff til å lade opp batteribankar, når batterispenning frå lading via solcellepanel ikkje er tilstrekkeleg.

Fyrbygningane har ein stor nasjonal verdi som kulturskatt, og 68 av 114 fyr er freda av Riksantikvaren. Regjeringa har særskilt omtalt eigedomar som er eller har vore brukt av fyrtenesta som ein del av statens kulturhistoriske eigedomar, sjå under følgjande lenke: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stprp-nr-29-2006-2007-/id442030/sec1>.

Dersom det vert vedteke eit generelt forbod mot fyring med mineralolje til oppvarming av bygningar, ber Kystverket om at det vert teke omsyn til den kulturhistoriske verdien fyrbygningane har og at det er viktig med ei viss oppvarming av desse bygningane for at dei ikkje skal forfalle. Kystverket ønskjer difor at det vert gitt eit unntak eller at ein kan søkje om å få dispensasjon frå desse reglane i særlege tilfelle, slik som med fyrbygningane der det ikkje er mogeleg å få til nett-tilkopa straumforsyning eller anna miljøvenleg oppvarming.

Slik forslaget til forskrift ligg føre no, så er der ingen heimel til å gi unntak ved enkeltvedtak for fyrbygningane. Der er berre ei føresegn som er foreslått der det kan verte gitt unntak,

#### Stab for interne tjenester

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, saks korrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

og det er § 6 om unntak av omsyn til forsyningstryggleiken. Denne føresegna gjeld likevel berre for eit avgrensa geografisk område og innanfor ei tidsavgrensa periode, dersom omsynet til forsyningstryggleiken i kraftsystemet tilseier det. Ein dispensasjon for fyrbygningane vil ikkje falle inn under denne føresegna.

Dersom Klima- og miljødepartementet meiner at bi-effekten med oppvarming av fyrbygningane i samband med fyring med mineralolje ved fyra vert ulovleg med dette forslaget til forskrift, så ber Kystverket om at det anten vert gitt eit eige unntak i § 2 eller i det minste ein heimel for å kunne gi dispensasjon, slik at Kystverket ved søknad kan få fritak frå desse reglane for fyrbygningane våre. Det er likevel ikkje nokon garanti for at det vert gitt fritak eller dispensasjon for fyrbygningane ved søknad. Kystverket ber difor først og fremst om eit eige unntak i forskrifta som vil omfatte slike bygningar som fyrbygningane.

Forslag til ordlyd i eit nytt ledd i § 2 er følgjande:

*«Unntatt fra bestemmelsene i denne forskriften er bruk av mineralolje til oppvarming av fredede bygninger og andre kulturhistoriske bygninger uten tilgang til nett-tilkoblet strømforsyning, herunder fyrbygninger.»*

## **2. Andre bygg**

Kystverket har ingen bygg som har fossilt brennstoff som grunnlast. Kystverket ønskjer likevel å orientere om at Kystverkets beredskapsavdeling, Kystverkets beredskapscenter og Horten sjøtrafikksentral leiger bygningar av Statsbygg i Horten. Desse bygga har eit forbruk av fyringsolje på om lag 5000 liter årleg. Det vert her fyrte med olje som spisslast ved streng kulde. I tillegg er der også dieseldrivne naudstraumaggregat i bygga. Unntaket i forslag til forskrift § 4 andre ledd i alternativ B vil dekke dette tilfellet, jf. ordlyden *«[M]ineralolje kan likevel brukes som spisslast til oppvarming av øvrige bygninger (...) når utetemperaturen medfører at grunnlasten ikke dekker behovet for oppvarming.»*

Vardø trafikksentral har eit forbruk av fyringsolje på om lag 1000 liter årleg, som spisslast ved streng kulde. Grunnen til dette er ustabilitet i straumnett under strenge kuldeperiodar i Finnmark. Dette sistnemnde tilfellet reknar vi med vert dekt av forslaget i § 7 om unntak ved driftsforstyringar. Det er her foreslått at forbodet i § 4 ikkje er til hinder for at *«mineralolje brukes ved driftsforstyrrelser inntil normal drift i kraftsystemet er gjenopprettet.»*

## **3. Nedgravne oljetankar**

I høyringsnotatet står det at eit forbod mot fyring med mineralolje vil medføre redusert risiko for lekkasjar frå nedgravne oljetankar. Grunngevinga for dette er oppgitt til å vere at det med eit forbod mot oljefyring er forventa at nedgravne oljetankar anten vil bli gravne opp eller sikra mot lekkasjar raskare enn utan eit forbod.

Om dette kjem til å skje, at fleire oljetankar vert gravne opp eller sikra med eit forbod, har Kystverket ikkje noko klar oppfatning av. Kystverket har likevel gått gjennom vaktloggen dei siste fire åra der hendingar med nedgravne tankar og liknande hendingar er loggført. Det er viktig å merke seg at Kystverkets vaktlogg for hendingar med akutt forureining berre omfattar hendingar som er varsla til Kystverket og talmaterialet er på langt nær korrekt. Systemet til Kystverket skil heller ikkje på nedgravne tankar og ikkje nedgravne tankar, ei heller om det berre er tankar som er til bruk for fyring til oppvarming. Kystverket har heller ikkje oversikt over kor mange nedgravne oljetankar som finns, og kan difor ikkje seie noko om potensialet.


Tala viser likevel at der er ein heil del hendingar med lekkasjar frå oljetankar, både i tal på hendingar og i liter som lek ut. Figuren under viser uhell med utslepp frå nedgravne tankar og liknande hendingar i åra 2013-2016 (per medio desember). Som nemnt ovanfor så er tala for usikre og for lite filtrert til å gi eit eintydig svar på om eit forbod mot fyring av

mineralolje vil ha ein effekt for lekkasjar frå nedgravne oljetankar, men det er tatt med for å kunne gi ein indikasjon om potensialet.

## Utslipp fra nedgravde tanker og lignende hendelser



Hendelser med lett og tung fyringsolje + parafin  
Størrelsen på boblen i kartet indikerer størrelse på utslippet



Med helsing

Kirsti Slotsvik  
kystdirektør

Lidvard Måseide  
stabsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Samferdselsdepartementet